



Vi jobbar litt, det er jo så fint ver!

Slik svara arbeidsgjengen til Geir Rusten som i dag har vore i full arbeid på Eikelandet-prosjektet. Vi undra oss over at dei ikkje hadde laurdagsfri frå bygginga av dei 8 husa som skal reisast inntil fjorden på Trelastlagerets tidlegare tomt. Det fyrste huset er no iferd med å ta form. Eikelandet Brygge skal stå klart til neste årsskifte, håpar byggherren.

Det høyrer i høgste grad med til historia at dei 4 karane kjem frå Baltikum og der er dei ikkje bange for å ta eit ekstra tak anten det er helg eller kvardag. Rusten er da også full av ros til kvartetten som har vore i hans teneste i ei årrekke.

På biletet over tek dei seg ei aldri så lita pause. Dei to frå Estland heiter Aare Lipp og Dmitri Tiks og dei to frå Litauen er Evaldas Lebednykas og Edvinas Markencius.

Foto: Ola Matti Mathisen

